

FLORA TURLAG

ÅRSMELDING 2020



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er (gamle) Flora kommune, og utøvar sitt arbeid i Flora kommune. Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har i 2020 kunne tilby medlemmer og ikkje- medlemmer tilgang til tre ubetjente hytter. Hyttene er utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr, men er utan proviant.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs, og legg til rette for merking av utvalte turområder. Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.

I. Styret 2020

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen – (1 år - nyval)
Styremedlem/Nestleiar:	Anders Myklebust - (2 år – ikkje på val)
Styremedlem:	Siv Grov – (2 år – ikkje nyval)
Styremedlem/sekretær:	Karen Sæten Nilsen – (2 år – nyval)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus – (2 år - nyval)
Varamedlem:	Toalf Otnes– (1 år - nyval)
Varamedlem:	Kari-Anne Melvær Strømmen – (1 år - nyval)
Revisor:	Marianne Sundal AS – (1 år – nyval)
Valnemnd:	Dag Eliassen – (2 år - ikkje nyval) Siv Merethe Stadheim – (2 år – ikkje nyval) Heidi Humlestøl Aasen – (2 år – nyval)

II. Møter og styrearbeid

Styret har hatt fire fysiske møter i 2020 i tillegg til nokon digitale på e-post. 2020 blei eit år ulikt alle andre og Covid-19 pandemien har prega både aktiviteten vår og styrets arbeid. Frå det å ha fokus på mykje kjekke aktivitetar med så mange folk som mogleg, til det å skulle avlyse, redusere, holde avstand og følge smittevernregler var ei utfordring ingen kunne planlagt for. Styret synes heile organisasjonen takla dette på ein framifrå måte og alt i alt blei også 2020 et flott tur år.



Vi har mykje spennande å ta stilling til i 2021 og åra framover. Her kan nemnast:

1. Sikringsbu ved Gjegnabu. Her har det vore arbeid med planlegging og vi har kontakt med arkitektar som på frivillig basis bidrar i dette arbeidet.
 2. Kajakknaust, her er fleire alternativ vurdert og planlegginga vil halde fram.
 3. Oppgraderingar/vedlikehald på Kinnhytta skal gjennomførast så fort som det lar seg gjere.
 4. Vi må også nemne det gode samarbeidet vi har med Ålfoten Landskapsvernområde som allereie har gjeve 50 000,- kr til utbetring av stien frå Grøndalen til Blåbrebu, dette er og dugnadsarbeid som er planlagt utført i 2021.
 5. Det er dialog med Sogn og Fjordane Energi om igjen å få til ein avtale om bruk og vedlikehald av Børabu.
- Dette blir viktige fokusområde for oss i vårt arbeid framover.

III. Medlemstal


Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen.

I år har vi **872** medlemmar. Dette er ein nedgang frå 907 i fjor, altså 35 færre. Dette er ein trend ein ser i DNT nasjonalt og kan delvis skuldast Covid-19.

Under viser tabellane den totale medlemsutviklinga i Flora Turlag 2010 - 2020

2020	2019	2018	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
872	907	933	765	604	540	525	502	456	393

MEDLEMSUTVIKLING



IV. Tur, profilering og aktivitet

Tabellen under viser oversikt over deltaking på årets turar.

Når det gjeld profilering har turane/arrangementa som vanleg vore med i Sogn og Fjordane sitt turprogram som vert sendt til heile fylket i februar, inkl. Barnas Turlag arrangement.

Turane har vore gjort kjent på nettsida til Flora Turlag samt via Facebook og nytt for året: Instagram. Kvar veke vert det sendt ut e-post om den komande veka sin aktivitet. Det har vore jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering.

Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane. Vi har også hatt eit par fine medieoppslag i Firdaposten.

Barnas							
Turlag	Tysdag/onsdag	Padleturar	Måndagsturar	Torsdagsturar	Helgeturar	Totalt	
Turar - annonsert	10	25	8	38	40	23	134
Avlyst	2	3	1			7	10
Korona avlyst	6	10		13	13	7	43
Vaksne		169	81	137	447	130	964
Barn		4					4

V. Barnas Turlag

I år har også Barnas Turlag (BT) hatt eit spesielt år. Fleire turar blei avlyst grunna både dårleg vær og Covid-19. Det er Carine Troland som er ansvarleg for gruppa. BT var representert på Askrova ved opning av Draumeplassen, samt hodelykt tur til Brandsøyåsen.

VI. Opptur og Flora Hav – og Fjellsport

Opptur blei i år avlyst grunna Covid-19 restriksjonar, her er det Astrid Eliassen som har vore ansvarleg. Det har heller ikkje vært aktivitet ved Flora Hav – og fjellsport gruppa i år, det er Kjetil Høidal som har ansvaret for gruppa.

VII. Kom deg ut dagen

Denne dagen ønsker vi å nå breitt ut til befolkninga og særleg til barnefamiljar i hele landet, både turvante og ferskingar. Vi vil gi deltakarane ein smakebit av friluftslivet - ein smakebit som gir meirsmak! Astrid Eliassen er ansvarleg for arrangementet som vanlegvis går ein gong på våren og ein på høsten.

I år blei Kom deg ut dagen i Instedalen avlyst på grunn av dårleg vær. Sissel Strømme var turansvarleg. Kom deg ut dagen på hausten blei også avlyst grunna dårleg vær.



Bilde: Frå måndagstur i strålande vær. Her på Sørstrand. Foto: Laila Schønhardt

VIII. Måndagsturur

Laila Anita Schønhardt har hatt ansvaret for måndagsturane. Det har vore mange fine turar i Storåsen og ut til Sørstrand/Brendøya. Turgruppa har vore fin blanding av norske og utanlandske deltakarar. På grunn av korona var det pause frå 13. mars og fram til hausten.

IX. Tysdag – og onsdagsturur

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for disse turane. Turane startar første onsdag etter påske og går ei veke tysdag og neste veke onsdag ut september. Frå mai av blei det delt på øyaturar og landturar. Aktivitetsområdet er gamle Flora Kommune og vi prøver å få med nye turmål frå turboka kvart år. Tematurar med kjentmann/dame er populære turar.

Signe Nordvik har ansvaret for øyturane. På grunn av korona starta turane i år midt i juni.

- X. **Onsdagspadling**
Kari-Anne Melvær Strømmen er ansvarleg for gruppa. Padlegruppa sine turar gjekk som oppsett med Covid-19 restriksjonar.



Bilde: Frå Askrova i august. Foto: Jan Arne Holm

Det var turar ut frå nærområdet, lenger inn i fjorden og som øyatur. Padlegruppa er ein fin gjeng, og kjekt er det at det kjem fleire tilreisande på ettermiddagspadletur.

XI. Torsdagsturur

Trygve Nybø er ansvarsperson for denne turgruppa og med seg gjennom disse 7 åra har han hatt Arnfrid Bergheim, Hilde Bjerck Reksten og Astrid Breiland Eliassen. Fast oppmøte er Rema 1000 på Evja, og turmål blir bestemt same dag. Gruppa tok koronapause frå 13. mars og til hauststart. Deltakinga er god og vi har hatt rekord i år med 22 deltakarar på ein tur! Varierte turmål og kjentmenn/damer set ekstra spiss på turane.

XII. Helgeturar

Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret for denne turgruppa. Ein kombinert ski og trugetur blei arrangert på Kom deg ut dagen, to andre skiturar avlyst på grunn av været. Så satt Covid-19 restriksjonar ein stopper for turane framover til midt i juni. Det blei også nokre avlysingar etter det.

Nokre av turane blei set opp seinare på året; nokre fekk vi heldigvis gjennomført og andre blei avlyst av været. Øyane Over, året store arrangement blei korona avlyst, men blei prøvd å sett opp seinare, men då avlyst på grunn av vær og lite påmeldingar. Både Alden Værlandet/Bulandet, Nipenatt og Hovdendag blei korona avlyst i år. Dette er ein tursesong som kjem til å gå inn i minneboka til dei fleste av oss. Og kanskje gjer det at vi set enda meir pris på dei turane vi får tatt saman.



Bilde: Ein av våre flotte helgeturar, her er vi på Ålfotbreen. Foto: Dag Eliassen.

XIII. Sikkerhet

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hjå oss, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2020. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. Vi har revidert beredskapsplanen vår, og følgd nasjonale DNT sine smittevernstiltak, samt nasjonale og lokale. Vi har jobba for å alltid være oppdatert på dei siste føringane vedr. Covid-19, og vi har tatt smittevernet på alvor. Alle våre turleiarar har tatt nettbasert smittevernkurs. Vi har også innført obligatorisk påmelding i forkant av turane, og satt eit tak på 20 personar pr. tur. Det har også blitt gitt føringar for transport. På øyaturane har vi tatt hensyn til offentleg transport.

XIV. Merkenemd

Årebrot/Villevika til Grytadalen

Det vil bli tatt ny befaring når anleggsarbeidet er ferdig. Ruta vil bli best mogeleg tatt vare på. Det er lagt til rette for ny og større parkeringsplass på nedre og øvre parkering, det vil også bli sett opp nye turskilt.

Hope – Gjegnabu

Det er satt opp nye skilt til Lavesteinen og løypa er lagt om. Det står fortsatt ein del arbeid att. Arbeidet er utført av Bygdeservice AS.

Grøndalen til Blåbrebu

Det har vært befaring på turstien til Blåbrebu. Turstien vil blir omarbeid og forbedra til neste år, med midlar frå Ålfotbreen Landskapsvernområde.

Informasjonsskilt

Det mangler fortsatt nokre skilt i Brandsøyåsen.

Flora Turlag har fått tildelt midlar til tilrettelegging på stiane ved Dagsturhytta.

Samarbeidet blir som i Brandsøyåsen med kommunen. Arbeidet er utsatt til neste år.

Anna

Brua ved Strømsnesstøylen må utbetrast.

XV. Turbøker

Det har vært eit dårleg år for turbøkene våre. Mange tok vi ned som smittevernstiltak. Vi har difor ikkje telt bøker i år.

XVI. SjekkUT og ut.no

SjekkUT er DNT si digitale turbok. Flora Turlag har 134 turmål i systemet. SjekkUT var ute av drift frå 4. juni til 7. juli og alle innsjekkingane i den perioden falt dessverre ut. Det gjorde at fleire mista ein del registreringer og venta med å ta opp innsjekkinga.

UT.no DNT sin digitale tursti, og her har Flora Turlag 158 turtips og 3 hytter. Ut.no er eit levande prosjekt som vi oppdaterer heile tida.



Bilde: Flotte Flattenipa er ein av turane som ligg på SjekkUT. Foto: Terese Eikefjord

Ansvarlige for SjekkUT og ut.no er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen.

XVII. Turtrim 2020

Turtrimmen 2020 skal motivere til turgåing og gode naturopplevingar. Turpostane er spredt rundt i heile gamle «Flora kommune» og tilliggande kyst- og fjellområde. Det er 15 turpostar med ulik vanskegrad, 5 av turpostane er lettare turar og passar som familieturar.

Det er usikkerhet om alle har fått levert inn då SjekkUT registreringane datt ut ein periode. Dei som har tatt alle 15 får gratis overnatting på valfri hytte og tilfeldige vinnarar i dei andre gruppene får DNT sokkar. Borna får DNT hue. Turtrimmen har ført til at nye turgåarar finn nye turmål, og Astrid Breiland Eliassen har hatt ansvaret.

XVIII. Turtips

I år starta vi med fredagstipset. Dette var eit turtipbod der det blei gitt turtips fram til august. Tipsa blei lagt til ulike turområde, eit nytt område kvar helg og til sommaren blei det tips på øyane og Ålfotbreen område. Turtipsa var ei erstatning for alle turane vi ikkje fekk arrangere. Flora Turlag si oppgåve var å spre turane på område som var nye turmål. Våren og sommaren var fin og mange var på tur på eigahand eller saman med venner. Vellykka prosjekt!

XIX. Hytter

Hyttene våre på Blåbrebu, Gjegnabu og Kinn har også i år vore gjenstand for mykje dugnad.

Gjegnabu

Tilsyn: Dag Eliassen, Per Endestad og Martin Mettenes. Dag er hyttekontakt. Følgande er gjort av dugnadsarbeid i år i tillegg til vanleg tilsyn:

- Koronatiltak
- 30 års jubileum
- Tømming av utedo
- DAB radio og ladeboks for mobil
- Administrasjon av hyttebooking
- Planleggingsarbeid for nødbu
- Flydd opp mykje ved

Blåbrebu:

Tilsyn: Stig Solheim.

Følgande er gjort av dugnadsarbeid i år i tillegg til vanleg tilsyn:

- Olja taket
- Malt deler av hytta og den nye kledningen på gamlehytta



Bilde: Eit av årets fredagstips var på Askrova. Foto: Terese Eikefjord

- Forfallande arbeid og koronatiltak

Skulehuset på Kinn:

Tilsyn: Signe Nordvik

Følgande er gjort av dugnadsarbeid i år i tillegg til vanleg tilsyn:

- Forfallande arbeid og ekstra reinhald og administrering som følge av korona tiltak
- Innkjøp forbruksvarer
- Kjøpt nye stålampar til stova, sengetøy og bålpanne. Laga skohylle i gangen.
- Rydda utebod

XX. Hyttebesøk

Gjegnabu: I år var det 54 overnattingar og 31 dagsbesøk. I fjor telte vi 104 overnattingar og 110 i 2018.

Blåbrebu: Har i år hatt ca. 65 besøk. I fjor telte vi 69 mot 106 overnattingar i 2018.

Kinn: Har heile 482 overnattingar og 72 dagsbesøk i år. I fjor var det 192 overnattingar og 2018: 175. Kinn står altså for ei stor auke med heile 150%!

XXI. Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Vi har her forsøkt å få ned eit estimert timar for dei ulike områda. Vi tar atterhald om at talla kan variere.

Turleing/arrangement/kurs: 1200 timar

Hyttene: 501 timar

Møter og administrasjon: 500 timar

Facebook, heimesida/nettsida, UT.no og SjekkUT: 800 timar

Tysdags og onsdagsturar inkludert padleturar: 700 timar

Torsdagsturar: 600 timar

Varding og merking: 40 timar

Måndagsturar: 120 timar

Mange har deltatt på dugnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig! De er sjøelve motoren i laget år etter år.

XXII. Naturvernsarbeid

Innafor naturvernsarbeid er det vindturbinande på Guleslettene vi har arbeida med. Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen har hatt befaringar/møte i denne saken. Det vil bli synfaring når anlegget er ferdig og fått stien på plass. Det kjem også nye informasjonstavler.

XXIII. Sogn og Fjordane Turlag

På årsmøtet til Sogn og Fjordane Turlag på Skei den 25. januar deltok Astrid B. Eliassen og Arnfrid Bergheim.

XXIV. Turleiarar

Vinterturleiar: Stig Solheim

En vinterturleder i DNT kan lede turer på høyfjellet i vinterhalvåret, også i krevande terreng.

Sommarturleiar: Dag Eliassen, Terje Grøneng, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen, Kolbjørn Nybø, Kolbjørn Hovland og Kjetil Tveranger.

En sommerturledar kan ta med seg eit turfølge på fjellet i sommerhalvåret, også i krevande terreng. Turane arrangeres gjerne med overnatting på DNT-hytter.

Grunnleggande: Sissel Strømmen, Alvdis Solvang, Kari Nordvik Hauge, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Heggheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck og Arnfrid Bergeheim
Som grunnleggande turleiar er du kvalifisert til å leie turar i lavlandet på sti og veg, hovedsakleg på sommarstid.

Nærturleiarar: Hilde Bjerck Reksten, Astrid Breiland Eliassen, Kristian N Berentzen, Laila Anita Schönhardt, Terese Eikefjord, Gyda Folkedal og Toralf Otnes.

Nærturleiar er ein turleiar som kvalifiserer til å lede kortere dagsturer, opptil fem timer, i områder kvar ein er lokalkjent.

Ambassadører

Vi har 14 stk. DNT ambassadører. Ein ambassadør er et aktivt DNT-medlem som har god kjennskap til DNT og den aktuelle medlemsforening.

Turleiarssamling

Vi fekk arrangere ei samling og 13 deltok.

Nærturleiar kurs blei avlyst på grunn av korona.

Ambassadørkursa er no nettbasert.

XXV. Samarbeidspartnarar

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar, og håper på eit meir normalt 2021 – slik at vi får arrangert arrangement og samlast.



Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som gjer ein glimrande dugnadsinnsats for turlaget!

Bengt Solheim-Olsen
Styreleiar

Anders Myklebust
Nestleiar

Sunniva Geithus
Kasserar

Karen Nilsen
Sekretær

Siv Grov
Styremedlem

Kari-Anne Strømmen
Varamedlem

Toralf Otnes
Varamedlem